



INGENIØR JOSTEIN BØ
Kråkvika 33
6390 VESTNES

Saksbehandlar, innvalstelefon

Jorunn Mittet Eriksen, 71 25 84 10

Vestnes kommune - Eigedom 49/3 Steinuttak på Stokkeland Fråsegn til varsel om oppstart av detaljregulering

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Det blir varsla oppstart av planarbeid for detaljregulering for steinuttak på eigedom 49/3 på Stokkeland. Føremålet med planarbeidet er å gi rammar for uttaket av fjellmassar. Vi er svært positive til at det no blir satt i gang ein prosess for å regulere eksisterande masseuttak.

I kommuneplanens arealdel er ein stor del av området avsett til *annan type bebyggelse og anlegg*. Det går ikkje fram av oppstartsvarselet, men planområdet omfattar også areal som er avsett til LNF.

Statsforvaltaren har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

Natur- og miljøvern

Planområdet omfattar areal som er registrert som kystmyr av lokal verdi. I følge databasen Kilden utarbeidd av NIBIO, er dette djup myr. I øvre del er myra skildra som middels omdanna og i nedre del sterkt omdanna. Myra er registrert som 70,5 dekar.

Våtmarker er viktige leveområde for ein rekke artar og bidrar med viktige økosystemtenester. Dette gjeld blant anna flaumdemping, reinsing av vatn, biodiversitet og karbonlagring.

Nedbygging av myr og anna våtmark har medført ein betydeleg reduksjon av desse økosystema. I dag bruker Noreg store summer på å restaurere våtmarker. Restaurering er viktig for å kunne ivareta Noregs forplikting gjennom internasjonale avtalar om bevaring og fornuftig bruk av våtmarker. I stortingsmelding 14:Natur for livet – norsk handlingsplan for naturmangfald, går det fram kva regjeringa vil prioritere på området naturmangfald. Meldinga seier blant ann at Regjeringa vil styrke vektlegginga av omsynet til våtmark, i bruk av sektorlovar og plan- og bygningslova. Den

seier vidare at restaurering av våtmark er regjeringas viktigaste tiltak for å følgje opp det internasjonale målet definert gjennom CBD, om å restaurere minst 15 prosent av forringa økosystem.

Når vi bygger ned myr slipp vi ut store mengder CO₂m og samtidig svekker vi naturens evne til å binde karbon i framtida. Nyleg vart nydyrking av myr forbode i Noreg. På oppdrag frå Klima- og miljødepartementet har Miljødirektoratet sendt over forslag til å avgrense nedbygging av skog og myr.

Det er viktig at utviding av masseuttaket ikkje medføre negative konsekvensar for myra. Det bør avsettast ei tilstrekkeleg brei buffersone mot myra slik at ein hindrar avrenning. Eit inngrep i ein del av myra vil kunne føre til avrenning og at grunnvass-stand senkast over heile naturtypen. Eit lite inngrep kan såleis påverke heile myra. Nedbygging av myr har betydeleg klimaeffekt. Vi ber om at ein i planprosessen innhentar fagkyndig kompetanse (biolog) for ei vurdering om utvidinga vil påverke myrarealet. Vi registrerer elles at det også ut frå oppstartsmøtet går fram at ein skal unngå å punktere myra.

Vi minner om at det skal gjerast ei naturmangfaldsvurdering. Etter naturmangfaldlova § 7 skal ein legge prinsippa i §§8-12 til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde. Det må gå fram av planomtale korleis desse prinsippa er tatt omsyn til og vektlagt i vurderinga av saka.

Landbruk

Skulle det verte aktuelt med tilbakeføring av arealet som dyrka mark, så ønsker Statsforvaltaren at rettleiaren «[Jordmassar – frå problem til ressurs](#)» vert lagt til grunn for gjennomføringa. Det er også viktig at topplaget som vert flytta ved utvidinga, vert forsvarleg handsama for å kunne nyttast til tilbakeføring.

Samfunnstryggleik og klimatilpassing

Det må gjennomførast ein risiko- og sårbarheitsanalyse for planområdet, jf. plan- og bygningslova § 4-3. Analysen skal vise alle risiko- og sårbarheitsforhold som har betydning for om arealet er eigna til utbyggingsføremål, og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging. DSB har utarbeidd ein rettleiar «*Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging*». Denne tilrår mellom anna at kommunen stiller kvalitetskrav til ROS-analysen.

Område med fare, risiko eller sårbarheit skal merkast av i kartet som omsynssone, jf. plan- og bygningslova § 12-6. Ved siste plannivå er det ikkje mogleg å skyve nærare avklaring av reell fare til byggesak. Kravet til ROS-analyse i pbl. § 4-3 vil då ikkje vere oppfylt.

Vi gjer òg merksam på «*Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing*». Denne seier mellom anna at ved planlegging av nye område for utbygging, fortetting eller transformasjon, skal det vurderast korleis omsynet til eit klima i endring kan sikrast. Det er viktig at ROS-analysen inkluderer ei vurdering av kva effektar klimaendringar vil gje, om planområdet er utsett for klimaendringar, og vurdere konsekvensane klimaendring vil ha for planområdet og planlagde tiltak. Det bør leggjast vekt på gode heilskaplege løysingar og varetaking av økosystem og arealbruk med verdi for klimatilpassing, som òg kan medverke til auka kvalitet i uteområde. «*Klimaprofil Møre og Romsdal*» gjev eit kunnskapsgrunnlag for klimatilpassing i fylket. Miljødirektoratet har laga ein rettleiar til korleis planar kan ta omsyn til klimaendringar. Rettleiaren finn de på Miljødirektoratet sin nettstad.

Forureining og støy

Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging T-1442, med tilhørende rettleiar M-128 skal leggest til grunn for all arealplanlegging og utbygging.

Masseuttaket ligg om lag 200 meter frå næraste støyfølsame bygning/bustad. Mot sør er næraste støyfølsame bygning om lag 800 m i frå, og vestover om lagt 570 meter. Aktivitet i området omfattar sprenging og knusing. Om støyfølsame bygningar blir utsett for støy frå masseuttaket må avklarast i reguleringsplanen. Det må utarbeidast ei støyfagleg utgreiing, som foreslår eventuelle avbøtande tiltak. Naudsynte tiltak skal takst inn i plankart og føresegner.

Vi gjer også merksam på at dersom tiltaket vil innebere stasjonert eller midlertidig knuseverk samt siktestasjon som produserer pukk, sand og singel, vil dette vere omfatta av forureiningsforskrifta kapittel 30.

Konklusjon

Vi viser til merknadene over og ber om at dei vert tekne omsyn til i det vidare planarbeidet.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef - plansamordning

Jorunn Mittet Eriksen
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Fagsaksbehandlar

Landbruk: Tormod Meisingset, tlf. 71 25 84 04
Samfunnstryggleik: Renate Frøyen, tlf. 71 25 84 15

Kopi

Vestnes kommune, Rådhuset, 6390 Vestnes
Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde
Statens vegvesen, Postboks 1010 Nordre Ål, 2605 Lillehammer
Direktoratet for mineralforvaltning, Postboks 3021 Lade, 7441 Trondheim